

Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/8895-1

## Prosess fylkeskulturprisen 2019

### Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

Leiar og nestleiar i hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av fylkeskulturprisen 2019 på bakgrunn av innstilling frå innstillingsnemnda.

### Andre relevante dokument i saka:

Retningslinjer for fylkeskulturprisen

---

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring og kultur avgjer kvart år om det skal delast ut ein fylkeskulturpris og kven som får den. Kulturprisen vert annonsert i media og på internett med 15. oktober som frist for å melde inn forslag til kandidatar. Ei innstillingsnemnd med medlemmar frå utvalet vurderer innkomne forslag og samlar seg om tre kandidatar som vert fremja for hovudutvalet. Hovudutvalet gjer så vedtak om tildeling i møtet i november. Fylkeskulturprisen vert delt ut under fylkestinget i desember kvart år.

Siste møte i hovudutval for næring og kultur i 2019 er 1. oktober. Det er difor behov for å sjå på prosessen kring fylkeskulturprisen for dette året.

### 2. Forslag til prosess for arbeidet med fylkeskulturprisen 2019

Hovudutvalet sitt siste møte i 2019 er før fristen for å melde inn kandidatar til fylkeskulturprisen. Fylkesdirektøren viser til orientering til/drøfting i utvalet, og fremjar difor forslag om følgjande prosess for arbeidet med prisen i 2019:

- Fylkesdirektøren annonserer kulturprisen med frist for å melde inn kandidatar 15. oktober.
- Innstillingsnemnda vurderer innkomne forslag og fremjar 3 kandidatar til prisen.
- Leiar og nesteleiar i hovudutvalet gjer vedtak om tildeling på bakgrunn av innstilling frå innstillingsnemnda.
- Fylkeskulturprisen blir delt ut under fylkestinget 10. desember.

### 3. Konklusjon

Hovudutval for næring og kultur gjev leiar og nestleiar fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av fylkeskulturprisen 2019 etter innstilling frå innstillingsnemnda.